

13.11.2009

Håp om nyasfaltering av Døsslandvegen



Reparasjon er skjedd ved Djupehølen, men den løyser ikkje problemet, blir det påpeika. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er eit visst håp om nyasfaltering av den sterkt nedslitte Døsslandvegen (mellan riksvegen og Haugland) i 2010.

Det opplyser byggeleiari Kenneth Lyngsgård i Statens vegvesen til uskedalen.no. Vegen har i det siste vorte reparert på eit særleg kritisk punkt - ved Djupehølen.

- Vi fekk telefonar om at vegen var i ferd med å gli ut mot elva der og difor var det viktig med ein reparasjon, seier Lyngsgård. Vegvesenet har også fått meldingar frå fleire om tilstanden til denne vegstrekninga og Lyngsgård konstaterar at vegen har mye djupe spor og også setningar. Det er difor på høg tid å få gjort noko.

- Vi har foreslått at vegstrekninga skal koma med på dekkeprogrammet for 2010, men førebels veit vi ikke kor mykje penger vi får for dette året .

Difor kan vi ikke gje nokon sikker garanti for at det verkeleg blir gjort noko neste år, seier byggeleiaren. Vegen på Døsslandsio er fylkesveg i motsetnad til vegen på den andre sida av elva, som er kommunal og som no har ein relativt god standard.

Folk som bur i området tar det som eit positivt signal at det er foretatt reparasjon ved Djupehølen, men dei påpeikar at det ikke løyser problemet. Det må eit meir omfattende inngrep til for å sikra vegen mot utglidning.

Av Ola Matti Mathisen



Det er på høg tid med nyasfaltering av Døsslandvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)